

Kultur- og idrettsavdelinga

Arkivsak 201107144-32
Arkivnr. 146.612
Saksh. Bjørg Larsen

Saksgang	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	17.09.2013 - 18.09.2013

FORDELING AV SPELEMIDLAR TIL LOKALE KULTURBYGG 2013 - KORRIGERT

SAMANDRAG

Fylkeskommunen fordeler kvart år tilskot til lokale kulturbygg – finansiert full ut av spelemidlar frå Norsk Tipping gjennom desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. Ordninga skal bidra til å etablere eigna lokale, bygningar og utearena som gjev rom for ulik kulturell verksemd i Hordaland. Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur – som scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift. Bygningane skal i størst mogeleg grad fungera som kulturelle møtestader for alle grupper. Lokala skal vera opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengjast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

Regjeringa fordele 24. mai 2013 kr 500 000 000,- av spelemidlane til kulturformål. Hordaland fylkeskommune vert tildelt kr 10 230 666,- til vidare fordeling til kulturbygg – både lokale og regionale. Fylkesrådmannen foreslår å tildele kr 5 149 666,- til lokale kulturbygg. I tillegg kjem inneståande renter med kr 344 334,-. Samla beløp til fordeling for lokale kulturbygg 2013 er etter dette kr 5 494 000,-

Det vart 29 søknader å handsame. Nesten alle søknadar oppfyller vilkåra for tildeling av tilskot. Det vert såleis eit spørsmål om å prioritera mellom godkjende prosjekt. I denne vurderinga vert det lagt vesentleg vekt på søknaden sin kvalitet og kommunen si eiga prioritering. Ved fordelinga i 2013 har fylkesrådmannen elles funne det naudsynt å prioritera søknadar frå pågående prosjekt som har fått tildelt midlar føregåande år (gjentatt søknad). Det er og lagt vekt på omsynet til rettvis geografisk fordeling og om det er søkt tidlegare utan at tilsegn vart gitt (fornya søknad).

Fylkesrådmannen rår til at midlane vert fordelte i samsvar med oppførte kriteria.

FORSLAG TIL VEDTAK

	KOMMUNE	ANLEGGSNR	SØKER	ANTALL	KOSTNADSSUM	SØKNADSSUM	TILDELING 2013
1	Askøy	1247013401	Heiervang grendahus	6	kr 604 000	kr 202 000	kr 202 000
2	Askøy	1247015301	Askøy kommune	Ny	kr 4 567 000	kr 1 000 000	Avslag
3	Austevoll	1244000804	Austevoll kommune	Ny	kr 3 073 000	kr 1 000 000	kr 500 000
4	Austevoll	1244000602	Vinnesvåg velforening	Ny	kr 82 000	kr 55 000	Avslag
5	Austevoll	1244000503	Stolmen vel	Ny	kr 690 000	kr 230 000	Avslag
6	Austrheim	1264003901	Austrheim kommune	Ny	kr 4 323 000	kr 1 000 000	kr 500 000
7	Austrheim	1264002301	Austrheim Samfunnshus L/L	Ny	kr 212 000	kr 70 000	Avslag
8	Bergen	1201055801	Museet Gamle Vossebanen	5	kr 7 170 000	kr 500 000	kr 500 000
9	Bergen	1201055901	Kulturhuset Sentrum	Ny	kr 808 000	kr 269 000	kr 269 000
10	Bergen	1201083201	Cornerteateret	2	kr 8 525 000	kr 500 000	kr 500 000
11	Bergen	1201083301	Stiftelsen Lydgalleriet	2	kr 3 100 000	kr 750 000	Avslag
12	Etne	1211003001	Etne kulturhus BA	4	kr 55 800 000	kr 500 000	kr 450 000
13	Fitjar	1222004002	Fitjar kommune	2	kr 8 320 000	kr 277 000	kr 277 000
14	Fjell	1246056402	Samfunnshuset A/L, Landro	7	kr 3 100 000	kr 700 000	kr 200 000
15	Fjell	1246059602	Bergen og omland friluftsråd	Ny	kr 60 000	kr 20 000	kr 20 000
16	Fusa	1241005601	Bogøytunet	4	kr 618 000	kr 206 000	kr 206 000
17	Kvinnherad	1224019601	Intereseforeningen Høylandsbygd bedehus	3	kr 2 490 000	kr 830 000	kr 452 000
18	Kvinnherad	1224019801	Uskedal ungdomslag	2	kr 1 287 000	kr 429 000	Avslag
19	Kvinnherad	1224012203	Kvinnherad kommune	3	kr 58 910 000	kr 1 000 000	Avslag
20	Os	1243008301	Os kommune	4	kr 383 000	kr 128 000	kr 128 000
21	Os	1243009101	Os sanitetsforening	Ny	kr 744 000	kr 248 000	Avslag
22	Osterøy	1253003601	Mjeldalen UL	3	kr 3 013 000	kr 700 000	kr 392 000
23	Radøy	1260000706	Radøy kommune	2	kr 1 690 000	kr 560 000	kr 300 000
24	Radøy	1260003701	Hella bedehus	2	kr 376 000	kr 125 000	kr 125 000
25	Stord	1221000404	Stord kommune	4	kr 3 763 000	kr 708 000	kr 208 000
26	Sveio	1216009801	Sveio sokn og Førde/Valestrand sokn	Ny	kr 12 000 000	kr 1 000 000	Avslag
27	Ullensvang	1231002301	P/L Krossvoll	Ny	kr 449 000	kr 338 000	kr 150 000
28	Vaksdal	1251005601	Stamnes bygdalag	2	kr 343 000	kr 115 000	kr 115 000
29	Vaksdal	1251005801	Skutenaustet på Kvamholmen	Ny	kr 499 000	kr 99 000	Avslag
					kr 186 999 000	kr 13 559 000	kr 5 494 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anne Elisa Tryti
fylkeskultursjef

FYLKESRÅDMANNEN, 27.08.2013:

Bakgrunn

Saka gjeld fordeling av tilskot for 2013 under fylkeskommunen si ordning for tilskot til lokale kulturhus, finansiert fullt ut av spelemidlar frå Norsk tipping gjennom desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. For 2013 er det kome inn 29 søknadar. Nesten alle søknadar oppfyller vilkåra for tildeling av tilskot.

Om ordninga

Ordninga skal bidra til å etablere eigna lokale, bygningar og utearena som gjev rom for ulik kulturell verksemd i Hordaland. Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift. Fylkeskommunen har det samla forvaltningsansvaret for spelemidlar til kulturbygg gjennom den desentraliserte ordninga for kulturbygg. I tillegg til ordninga med tilskot til lokale kulturbygg, har Hordaland fylkeskommune frå 2012 oppretta ei tilskotsordning for kulturbygg med regionale funksjonar. Denne ordninga vert finansiert av fylkeskommunale midlar saman med spelemidlar tildelt gjennom desentralisert ordning for kulturbygg.

Kulturdepartementet har gjeve melding om at det for 2013 er avsett kr 500 000 000,- til fordeling til kulturformål på landsbasis. Hordaland fylkeskommune vert tildelt kr 10 230 666,- til vidare fordeling til kulturbygg – både lokale og regionale. Fylkesrådmannen tilrar at det vert tildelt kr 5 149 666,- til lokale kulturbygg. Kvart år vert rammetilskotet sett inn på ein renteberande konto for vidare utbetaling. For 2013 står det til disposisjon kr 344 334,- i rentemidlar (heile tusen). Samla beløp til fordeling for lokale kulturbygg 2013 er etter dette **kr 5 494 000,-**

Vilkår

Lokala må vere planlagd ut frå definerte behov og bør vere fleksible. Kulturbygg bør lokaliserast sentralt i lokalsamfunnet eller regionen. Bygningane skal i stort mogleg grad fungere som kulturelle møtestader for alle grupper. Lokala skal vere opne for all lovleg kulturverksem. Ingen må stengast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

Følgjande kriteria vert lagt til grunn for fordeling av spelemidlar til lokale kulturbygg i Hordaland:

- kommunal prioritering
- kvalitet på søknad
- tidspunkt for fyrste gong det er søkt om kulturhusmidlar
- søknadsmasse frå dei einskilde kommunane i Hordaland
- innbyggjartal i kommunane
- universell utforming
- maksimal tildeling per år til omsøkt prosjekt er kr 500 000,-
- samla tilskot er avgrensa til kr 1 000 000,-
- søknader som får tildeling inneverande år på delar av godkjend søknadssum, får ikkje automatisk dekka restbeløpet dei påfølgjande året.

Vurdering:

Nesten alle søknadar oppfyller vilkåra for tildeling av tilskot. Det vert såleis eit spørsmål om å prioritera mellom kvalifiserte prosjekt. I denne vurderinga vert det lagt vesentleg vekt på søknaden sin kvalitet og kommunen si eiga prioritering. Ved fordelinga i 2013 har Fylkesrådmannen elles funne det naudsynt å prioritera søknadar frå pågående prosjekt som har fått tildelt midlar føregåande år (gjentatt søknad). Fylkesrådmannen har og lagt vekt på omsynet til rettvis geografisk fordeling og om det er søkt tidlegare utan at tilsegn vart gitt (fornya søknad).

1. Hellevang grøndehus - rehabilitering
2. Strusshamn Kultursenter Fargeriet - oppgradering
3. Selbjørn skule og fleirbruksanlegg, kulturdel – gymsal byggast om til kultursal
4. Vinnes aktivitetshus - utbetring
5. Stolmen allaktivitetssenter – ope aktivitetssenter

6. Ungdommens hus Austrheim – nytt bygg for ungdomsaktivitetar
7. Austrheim samfunnshus - rehabilitering
8. Museet Gamle Vossebanen – museumshall
9. Kulturhuset Sentrum – modernisering
10. Cornerteateret
11. Lydverket
12. Etne kulturhus – kulturhus seksjon i Skakkesenteret
13. Fitjar Losjehus – Renovering til kunstgalleri
14. Landro Samfunnshus – rehabilitering
15. Bergen og omland friluftsråd – kystkulturhistore på Hissøyna
16. Bogøytunet – nytt tilbygg
17. Interesseforeningen Høylandsbygd bedehus – rehabilitering
18. Uskedal ungdomslag – renovering
19. Kvinnherad kulturskulesenter – nybygg
20. Nore Øyane Ungdomshus – rehabilitering av Alvheim
21. Kløvertun Forsamlingslokale – rehabilitering av tak
22. Mjeldalen Ungdomslag – tilbygg
23. Ungdommens Hus Radøy – tilbygg
24. Hella bedehus – universell tilkomst og toalettanlegg
25. Stord kulturhus – rehabilitering kinosal
26. Sveio soknehus – nybygg
27. Krossvoll – oppgradering og modernisering
28. Stamnes bygdelag – nye toalett og universell utforming
29. Skutenaustet på Kvamsholmen – vinterlagring av Brørvikskuta

Fordeling:

1. Askøy kommune – Hellevang grendehus

Hellevang grendehus søker om tilskot på kr 202 000,- til rehabilitering av grendehuset. Kostnadssum på kr 604 000,-.

Midlane skal gå til nytt golv, maling og skifte av ytterkledning. Huset nyttast nesten dagleg av Zonen fritidsklubb for barn og unge, Zonen filmklubb, Heiarvang dansekubb, Heiervang seniorklubb og fleire.

Vurdering: Prioritert som nr 1 av Askøy kommune, mykje brukt av mange forskjellige foreiningar.

Tilråding: kr 202 000,-

2. Askøy kommune – Strusshamn Kultursenter Fargeriet

Askøy kommune søker om tilskot på kr 1 000 000,- til oppgradering av bygget. Kostnadssum på kr 4 567 000,-.

Fargeriet er ein fleirbruks kulturarena som vil tilrettelegge til konserter, fortrinnsvis for rytmisk musikk, ulike typer framföringar, kurs og konferansebruk, til marknad for lokale varer og til støttefunksjonar for større arrangement i Strusshamn.

Vurdering: Askøy kommune har dette som sin 2. prioritetsprosjekt. Fylkeskommunen har gitt store tilskot til Strusshamn, og ser såleis ikkje å kunne prioritere dette tiltaket.

Tilråding: Avslag

3. Austevoll kommune – Selbjørn skule og fleirbruksanlegg, kulturdel

Austevoll kommune søker om tilskot på kr 1 000 000,- til ombygging av gymnastikksal til kultursal.
Kostnad kr 3 073 000,-

Eksisterande gymnastikksal skal byggjast om til kultursal og vera ein del av den totale kulturdelen i anlegget.

Vurdering: Prioritert som nr 1 av Austevoll kommune. Bekkjarvik saknar ein eigen kultursal til større arrangement innandørs, både til kultur og underholdning, og til større konferansar.

Tilråding: kr 500 000,-

4. Austevoll kommune – Vinnes Aktivitetshus

Vinnesvåg Velforening søker om tilskot på kr 55 000,- til utbetring av bygningar. Kostnadssum på kr 82 000,-.

Midlane skal gå til skifte av diverse kledning og nye utelamper.

Vurdering: Har i 2010, 2011 og 2012 fått tildelt totalt kr 266 000,-. Utbetaling skal vere 1/3 av totalt kostnad. Prioritert som nr 2 av kommunen

Tilråding: Avslag

5. Austevoll kommune – Stolmen Allaktivitetssenter

Stolmen Vel søker om tilskot på kr 230 000,- til ombygging av barneskule til ope allaktivitetssenter. Kostnadssum på kr 690 000,-.

Stolmen skule skal bli eit ope anlegg med kulturaktivitetar, helsebasseng, treningsrom og utleieeininger. Helse, idrett og kultur for alle aldersgrupper skal ha fokus.

Vurdering: Prioritert som nr 3 av kommunen

Tilråding: Avslag

6. Austrheim kommune – Ungdommens Hus

Austrheim kommune søker om tilskot på kr 1 000 000,- til nytt bygg ved Austrheimhallen. Kostnadssum på kr 4 323 000,-.

Intensjon er å få fleir bruk av lokale, og bygget kan fungere for ulike aktivitetar for alle unge i kommunen. Skal erstatte lokale som i dag er i bruk til ungdomsklubben.

Vurdering: Prioritert som nr 1 av kommunen.

Tilråding: kr 500 000,-

7. Austrheim kommune – Austrheim samfunnshus

Austrheim Samfunnshus søker om tilskot på kr 70 000,- til skifte av golv. Kostnadssum på kr 212 000,-.

Kulturhuset er brukt av heile kommunen, der ulike lag og organisasjoner er eigar. 1300 kvm med stor sal og scene, garderobar, kafé, kjøkken og møterom.

Vurdering: Prioritert som nr 2 av kommunen.

Tilråding: Avslag

8. Bergen kommune – Museet Gamle Vossebanen

Museet Gamle Vossebanen søker om tilskot på kr 500 000,- til museumshall. Kostnadssum på kr 7 170 000,-.

Treng museumshall for bevaring og sikring av materiell som står ute utsatt for vær, vind og hærverk. Vognhallen vil innehalde både restaureringsverksted og utstillingshall for publikum.

Vurdering: Prioritert som nr 1 frå kommunen. Fekk tildelt kr 500 000,- i 2012.

Tilråding: kr 500 000,-

9. Bergen kommune – Kulturhuset Sentrum

Kulturhuset Sentrum søker om tilskot på kr 269 000,- til modernisering av elektrisk anlegg og utskifting av golv. Kostnadssum på kr 808 000,-.

Kulturhuset sentrum fyller ei rekke funksjonar i dag:

Øvingsfellesskap for lokale medlemmer og ikkje-organiserte ungdommer,
Konsertarrangør innan populærmusikk, musikkdans, song, og korpsmusikk,
Aktivitetshus med organisert idrettsaktivitet,
Kunstsamling med nasjonal kulturhistorisk verdi: Fresco veggmalerier, portrett- og fabrikkmalerier,
Forsamlings- og foredragslokale for voksne og eldre,
Åpen fritidsklubb/møteplass for lokale ungdommer,
Grafittiverkstad og skatearena for ungdommar i bydelen,
Bibliotek
Vertskap for kulturaktiviteter som gatemarked, karneval og internasjonal matklubb

Vurdering: Søknaden er oversendt frå Bergen kommune utan prioritering. Fylkesrådmannen finn likevel rom for tilskot.

Tilråding: kr 269 000,-

10. Bergen kommune - Teaterdrift AS

Teaterdrift AS søker om kr 500 000 i tilskot til innreiing og tilrettelegging av den store teatersalen/hovudscena i Cornerteteateret. Kostnad kr 8 500 000,-.

Cornerteateret opnar i september 2013. Teateret skal bli ein totalarena for produksjon og visning av fri scenekunst, samt eit teaterhus for barn og unge. GC Rieber eiendom står for alle utgifter knytt til rehabilitering og oppgradering av den gamle verkstadbygningen, medan Teaterdrift står for finansiering og prosjektering av teknisk utrustning. Vestlandske Teatersenter og Proscen flyttar inn i Cornerteateret, og vil ha ansvar for den daglige drift av huset.

Vurdering: Det er sterkt behov for ein arena for barn og unge, samt ei styrka satsing på fri scenekunst i Hordaland. Cornerteateret sitt føremål, funksjon og verksemd ligg klart innanfor vilkåra for tildeling. I 2012 fekk Cornerteateret tilskot på kr 500 000,- fra Regionale kulturygg.

Ved synfaring den 20.08.2013 vart tilhøvet til universell utforming tatt opp.

Ordninga stiller krav om universell utforming, retningslinene pkt. 2.1, jfr. 2.1.2. Vilkåra for ordningane er knytt til plbl § 29 - 3 første ledd. Dei nærmere reglane om utforminga følgjer av teknisk forskrift. Når det gjeld sjølve innhaldet i omgrepet følgjer dette av diskriminerings- og tilgjengelighetslova § 9. Av § 9 går det fram at kravet til universell utforming ikkje er absolutt, men rekk så langt det ikkje medfører ein uforholdsmessig byrde for verksemda. Spørsmålet vert såleis om ytterlegare krav til Teaterdrift AS vil medføre ei slik uførehaldsmesseg byrde. I § 9 tredje ledd heiter det:

«Ved vurderingen av om utformingen eller tilretteleggingen medfører en uforholdsmessig byrde skal det særlig legges vekt på tilretteleggingens effekt for å nedbygge funksjonshemmende barrierer, hvorvidt virksomhetens alminnelige funksjon er av offentlig art, de nødvendige kostnadene ved tilretteleggingen, virksomhetens ressurser, sikkerhetsmessige hensyn og vernehensyn.»

Som teater har verksemda eit sterkt offentleg preg. Dette vil jamvel vera mest utprega i dei to scenane i fyste etasje, der tilhøva etter mitt syn så langt er best ivaretakne. Her vil mindre endringar, mellom anna knytt til tenlege dørtersklar, vera tilstrekkeleg. Etter det opplyste er arbeidsplassane i 2 og 3 etasje tilpassa i nokon grad. Problemet er i hovudsak at heis ikkje er installert. Å få installert heis slik det er beskrive synast å vera eit relativt enkelt tiltak som vil auke graden av tilgjenge og effekten av dei andre tiltaka i 2 og 3 etasje mykje. Eg legg til grunn at kostnaden med heis – med dei prisanslag som er gitt - er ei stor økonomisk kostnad for teateret, og finn såleis at krav om heis til andre etasje, der det ligg fleire prøverom, i denne omgang er tilstrekkeleg. Heis til administrasjonslokala i tredje etasje må realiserast når det oppstår eit eventuelt behov.

Cornerteateret er eit viktig tiltak for fylkeskommunen,. Fylkesrådmann finn det difor tenleg å tilrå stønad med den føresetnad at tilskotet først vert betalt ut når Teaterdrift AS har gjennomført og fått godkjent av fylkeskommunen følgjande tiltak:

1. Fjerning av terskler i fyste etasje.
2. Bygging av rullestolheis til andre etasje.
3. Heis til administrasjonslokala i tredje etasje må realiserast når det oppstår eit eventuelt behov.

Tilråding: kr 500 000,-

11. Bergen kommune – Stiftelsen Lydgalleriet

Stiftelsen Lydgalleriet søker kr 750 000,- til Østre, eit nytt kulturhus for elektronisk musikk og elektronisk kunst i Bergen sentrum. Kostnad kr 3 100 000,-. Tilskot på totalt kr 500 000,- i 2012 fra Regionale og Lokale kulturygg.

Østre skal vere ein samlingsplass for alle som driv med elektronisk musikk og kunst i Hordaland, konserter, klubbkveldar og andre arrangement både i regi av Lydgalleriet/Ekko og andre. Huset rommar utstillingslokale i første etasje, kombinert utstillings- og konsertlokale i andre etasje og kontorlandskap i tredje etasje. Østre vil vere Lydgalleriet og Ekko sin hovudarena, samtidig som det

dekker behova til mange kulturaktørar i Hordaland. Andre etasje er tilbakeført til det forsamlingslokalet det opphavleg var, med 5 m takhøgd og publikumskapasitet på 250. Ombygginga av huset er nå så godt som ferdig og store deler av kostnadene er tatt. Det som står att er investeringsmidlar til utstyret som skal inn i huset for at det skal kunne fungere som open arena for heile det elektroniske musikkmiljøet i Hordaland.

Vurdering: Østre vil ivareta både lokale og regionale funksjonar. I 2012 fekk Stiftelsen Lydgalleriet tilskot på kr 250 000,- frå Lokale kulturbrygg og kr 250 000,- frå Regionale kulturbrygg – totalt kr 500 000,-. Under vurdering i 2012 var det føljande merknad: «Med ei eventuell samla tildeling på kr 500 000 fordelt på begge ordningane, ser eg Hordaland fylkeskommune sin del av finansieringa som fullført. Det er eit vilkår for tilskotet at leigeavtalen vert 20 år, i samsvar med kriteria for ordninga.»

Tilråding: Avslag

12. Etne kommune – Etne kulturhus seksjon i Skakkesenteret

Etne kulturhus søker om tilskot på kr 500 000,- til Skakkesenteret kulturhus. Kostnadssum på kr 55 800 000,-.

Kulturhuset er tatt i bruk

Vurdering: Har tidlegare fått tildelt kr 550 000,-. Samla tilskot er avgrensa til kr 1 000 000,-

Tilråding: kr 450 000,-

13. Fitjar kommune – Fitjar Losjehus

Fitjar kommune søker om tilskot på kr 277 000,- til modernisering av Fitjar Losjehus ved evnt. kjøp. Kostnadssum på kr 8 320 000,-.

Fitjar Losjehus er eit gammalt verneverdig hus. Kommunen ynskjer å kjøpe det av Fitjar Musikklag. Huset skal brukast til kunstutstillingar, ein stad til å stille ut brukskunst og andre utstillingar som treng golvlass. Huset kan leiaast ut som kunstatelier. Når det gjeld arrangement, er det òg høveleg å ha eit litt mindre lokale til mindre forsamlingar.

Vurdering: I Fitjar finst det ingen stader ein kan ha kunst av verdi som fyller minimum av tryggleikskrav.

Tilråding: kr 277 000,-

14. Fjell kommune – Landro Samfunnshus

Samfunnshuset AL Landro søker om tilskot på kr 700 000,- til rehabilitering av Landro Samfunnshus. Kostnadssum på kr 3 100 000,-.

Landro Samfunnshus vert drive av 6 velforeninger. Dei ønsker å rehabiliterere Samfunnshuset for å starte opp med barne- og ungdomsaktivitetar. Brukes pr i dag av en sykkel-klubb, og lokale band har det som øvingslokale. Leies ut til sosiale arrangement.

Vurdering: Prioritert som nr 1 av kommunen. Har fått tildelt kr 300 000,- i 2012

Tilråding: kr 200 000,-

15. Fjell kommune – Kystkultur på Hissøyna

Bergen og omland friluftsråd søker om tilskot på kr 20 000,- til formidling av kystkultur på Hissøyna. Kostnadssum på kr 60 000,-.

Vurdering: Søknaden er oversendt fra Fjell kommune utan prioritering. Fylkesrådmannen finn likevel rom for å stø tiltaket, som legg til rette for å vidareutvikle Hissøyna til eit kystkulturanlegg.

Tilråding: kr 20 000,-

16. Fusa kommune – Bogøytunet bygdehus

Bogøytunet søker om tilskot på kr 206 000,- til nytt tilbygg i bydelshuset. Kostnadssum på kr 618 000,-.

Tilbygget på Bogøytunet vil mellom anna bli brukt til å arrangere trim (spinning, aerobic apparater) som og bidreg til drifta av anlegget. Huset vert og leid ut til private for ulike arrangement. Bruksområda for Bogøytunet er teater, dans, drama, frivillig kulturarbeid, møterom for frivillige organisasjonar.

Vurdering: Har i 2004 fått utbetalt kr 785 000,-

Tilråding: kr 206 000,-

17. Kvinnherad kommune – Høylandsbygd Bedehus

Interesseforeningen Høylandsbygd bedehus søker om tilskot på kr 830 000,- til rehabilitering av Høylandsbygd Bedehus. Kostnadssum på kr 2 490 000,-.

Huset er ferdig rehabilert. Vedtekter som bedehus med bl a « skal sette opp program som inkluderer møter, basarer, barnearbeid, søndagsskole, foreningsarbeid, gudstjenester, juletrefester og andre festligheter, alders- og demenskafe i samarbeid med Halsnøytunet.»

Vurdering: I utlysningstekst for Tilskot til lokale kulturbygg står det: «Lokala skal vere opne for all lovleg kulturverksem. Ingen må stengast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn». Fylkesrådmann finn at bedehuset oppfyller krav til et kulturhus i lokalsamfunnet. Prioritert som nr 1 av kommunen

Tilråding: kr 452 000,-

18. Kvinnherad kommune – Helgheim Ungdomshus

Uskedal Ungdomslag søker om tilskot på kr 429 000,- til rehabilitering av Helgheim Ungdomshus. Kostnadssum på kr 1 287 000,-.

Det elektriske anlegget må moderniserast, og huset treng nytt kjøkken. Ungdomshuset brukast til utleige, korøvingar, tiltak for barn og unge, utleige til organisasjonar for møteverksemd og kulturelle tiltak.

Vurdering: Et allsidig ungdomshus som treng modernisering. Prioritert som nr 2 av kommunen

Tilråding: Avslag

19. Kvinnherad kommune – Kvinnherad Kulturskolesenter

Kvinnherad kommune søker om tilskot på kr 1 000 000,- til Kvinnherad Kulturskolesenter. Kostnadssum på kr 58 109 000,-

Under arbeid. Satsar på kulturelle undervisningstilbod. Skreddarsydd for undervisning og framføring av musikk, song, dans, teater og visuelle kunst.

Vurdering: Hordaland fylkeskommune har hittil gjeve tilsagn totalt på kr 21 000 000,-. Fylkesrådmannen tilrår ikkje meit tilskot.

Tilråding: Avslag

20. Os kommune – Nore Øyane Ungdomshus

Os kommune søker om tilskot på kr 128 000,- til rehabilitering av Nore Øyane Ungdomshus. Kostnadssum på kr 383 000,-

Ungdomslaget Havglimit søker om midlar til nye toalett og nytt kjøkken. Viktigaste inntektskjelde er utleige til private og offentlig som sosiale arrangement, valglokale og politiske møter. Eigne arrangement som bygdekino, bingo, ungdomsklubb, revyar, konserter og pub.

Vurdering: Prioritert som nr 1 av kommunen. Har fått tildelt kr 300 000,- tidlegare.

Tilråding: kr 128 000,-

21. Os kommune – Kløvertun forsamlingslokale

Os sanitetsforening søker om tilskot på kr 248 000,- til rehabilitering av tak på Kløvertun forsamlingslokale. Kostnadssum på kr 744 000,-

Kløvertun er eit populært samlingslokale, og vert leid ut til minnesamvær, bryllaup, bursdagar og andre samenkomstar. I tillegg finn ein både fysio- og aromaterapi i forretningsdelen av huset. Eit husvære i andre høgda gir òg faste inntekter. Huset vert drive med overskot, som sanitetsforeininga gjer vidare til andre frivillige lag og organisasjonar i bygda.

Vurdering: Prioritert som nr 2 av kommunen

Tilråding: Avslag

22. Osterøy kommune – Mjeldalen Ungdomshus

Mjeldalen Ungdomslag søker om tilskot på kr 700 000,- til tilbygg av Mjeldalen Ungdomshus. Kostnadssum på kr 3 013 000,-

Mjeldalen Ungdomslag er eit svært aktivt ungdomslag. Hovudfokus er å tilrettelegge for aktive barne- og ungdomsaktivitetar (dans, teater og hobby). I tillegg har laget eit aktivt vaksenteater og seniorlag. Ut over dette har laget toradar, scrapping, ola-bil bygging, ulike arrangement, kurs, m.m. Søker støtte til tilbygg grunna stor aktivitet. Med dette utviklar ein ungdomshuset tidsriktig, og gjer det langt meir brukarvennlig som kulturarena og generasjonsmøtestad, meir brukarvennlig og aktivitetsskapande ungdomshus for både aktivitetar, arrangement, utleige og ikkje minst for lokalsamfunnet. Tilbygget skal brukast til universell tilkomst og sminkerom for teater.

Vurdering: Prioritert som nr 1 av kommunen. Har fått tildelt kr 300 000,- i 2012

Tilråding: kr 392 000,-

23. Radøy kommune – Ungdommens Hus

Radøy kommune søker om tilskot på kr 560 000,- til tilbygg Ungdommens Hus. Kostnadssum på kr 1 690 000,-.

Anlegget er fysisk knytt til Radøyhallen. Tilbygg skal innehalde 2 toalett og vindfang

Vurdering: Det er stort behov for eigne areal til ungdomsaktivitetar i Radøyhallen

Tilråding: kr 300 000,-

24. Radøy kommune – Hella Bedehus

Hella bedehus søker om tilskot på kr 125 000,- til modernisering av Hella Bedehus. Kostnadssum på kr 376 000,-.

Vel fungerande og tidlegare bedehus som er eit mykje nytta kulturbrygg. Bygget er ikkje trappefritt og er heller ikkje bygd med toalett for funksjonshemma. Styreleiar for Hella Bedehus fekk Radøy sin kulturpris for 2009.

Vurdering: Bygget treng modernisering

Tilråding: kr 125 000,-

25. Stord kommune – Stord kulturhus

Stord kommune søker om tilskot på kr 708 000,- til rehabilitering av Stord kulturhus. Kostnadssum på kr 3 763 000,-

Rehabilitering av kinosal – utskifting av stolar.

Vurdering: Har fått tildelt kr 292 000,- i 2010. Dette er siste tilskot frå Fylkeskommunen til stolar i kinosalen.

Tilråding: kr 208 000,-

26. Sveio kommune – Sveio soknehus

Sveio sokn og Førde/Valestrand sokn søker om tilskot på kr 1 000 000,- til bygging av nytt soknehus. Kostnadssum på kr 12 000 000,-.

Dei ønskjer å selje Sveio bedehus og bygge nytt soknehus.

Vurdering: Søknad viser ikkje til noko kulturell verksemrd.

Tilråding: Avslag

27. Ullensvang kommune – Krossvoll samfunnshus

P/L Krossvoll søker om tilskot på kr 338 000,- til oppgradering og modernisering av Krossvoll

samfunnshus. Kostnadssum på kr 449 000,-.

Krossvoll er ein arena for bryllaup, dåp, julemarknad, bygdekin, revy, dansar, og andre ulike tilstellingar. Det er mange ulike sosiale samkomer som bygdefolket nyter godt av. Krossvoll er eit partlag og blir dreve på dugnad. Inntekter pga utelege av huset er dei einaste inntektene.

Vurdering: Prioritert som nr 1 av kommunen. Har fått tildelt totalt kr 500 000,- 1980-1983. Får maks 1/3 av kostnader.

Tilråding: kr 150 000,-

28. Vaksdal kommune – Grendahuset Frilund Stamnes

Stamnes bygdelag søker om tilskot på kr 115 000,- til bygging av nye toalett og tilkomst for rørslehemma. Kostnadssum på kr 348 000,-.

Det føregår mange aktivitetar for innbyggjarane i alle aldrar. Det kan nemnast: Jule og påskedansar, fiskarfestival, 17.mai fest, pub quiz, ungdomsklubb, bingo, konsertar, utstillingar, basarar, møter o.l. Huset vert og ein god del utelegt til private samkomer som konfirmasjonar, fødselsdagar og festar. Det er eit stort behov for ein lettare måte å kunne bruka huset, for dei som nytta rullestol eller rullator. Grendahuset er viktig i høve å ta vare på bygda vår som ei levande og allsidig bygd.

Vurdering: Bygget treng modernisering

Tilråding: kr 115 000,-

29. Vaksdal kommune – Skutenaustet på Kvamsholmen

Skutefolket Brørvikskuto søker om tilskot på kr 99 000,- til vinterlagring av Brørvikskuta. Kostnadssum på kr 499 000,-.

Skutenaustet brukast til undervisning og formidling, samstundes som det vert nytta til vinterlagring for Brørvikskuto.

Vurdering: Bygget treng modernisering

Tilråding: Avslag